INFORMASJON

Regionavisa

Det beste i livet er GRATIS!

www.regionavisa.no **7. oktober 2009.** Opplag 20.000

- Alle typer vindu
- Ytter- og innerdører
- Kjøkkeninnreiing
- Badeinnreiing
- Benkeplater
- Garderobeskap
- Balkongdører
- Kvitevarer
- Garasjeportar
- Trapper
- Glasmeistertenester
- Montering

Dale BRØDRENE DALE AS

Ope 9–16 (18) Laurdag 10–14
Tlf. 70 07 44 99 – Fax 70 07 44 97
Ivar Aasengt. 18, 6150 ØRSTA

Køyrerute Øyane Vanlylven Eid

Kor

på Sunnmøre

Side 12-13

HAREIDSSTEMNA STARTAR DENNE VEKA! SJÅ SIDENE 26-29

Uansett hvilken Opel Mester varebil du velger, får du en bil som gjør arbeidsdagen lettere. Du får en bil som er meget velutstyrt, pålitelig og bekymringsfri å kjøre og eie. Takket være Opels fem serviceløfter slipper du unødige driftsstopp.

Opels 5 serviceløfter for varebiler:
- Hurtigservice/diagnose uten avtalt tid
- Lånebil under reparasjo
- Mobilitetsprogram ved stans/uhell
- Slitedeler byttes samme dag
- Direktenummer til kundeservice

www.opel.no

Bil & Gummiservice
www.bilgum.no – 6150 ØRSTA. Telefon: 700 66 255
Åpent: 08.00 - 17.00, lør. 09.00 - 14.00

Opel Combo Mester 75 hk diesel
fra **kr 130 800,-***

Combo Mester inkluderer:
- Klimaanlegg
- Radio/CD spiller
- Sentrallås, El betjente vinduer
- Skyvedør høyre side med vindu
- Oppvarmet forseter
- Høyderegulerbart førersete
- Støtfanger og utvendig speil i bilens farger.

Opel Vivaro Mester 114 hk diesel
fra **kr 231 000,-***

Vivaro Mester inkluderer:
- Klimaanlegg
- ESP
- Radio/CD spiller
- Sentrallås
- El betjente vinduer
- Skyvedør høyre side med vindu
- Oppvarmet førersete
- Hengerfeste.

OPEL

CO_2 utslipp 139-224 g/km, 5,2–8,4 l/100 km gjelder drivstofforbruk blandet kjøring. Frakt og lev. omkost. inkl. lev. Ørsta. Avbildede biler kan ha ekstrautstyr. Importør General Motors Norge AS.
*Priser eks. mva.

SYKKEL: *Marit Steinnes i ±rsta har saman med ektemannen tatt enkle grep i kvardagen som gjer at familien lever så miljŒvenleg som mogleg. Sykkel i staden for bil er ein del av strategien.*

Regionavisa

– Det beste i livet er GRATIS

Lay Out/sats: Regionavisa
Trykk: Sogn og Fjordane Avistrykk AS
Opplag: 20.000
Distribusjon: Nordvest Distribusjon
Postadr.: P.b. 424, 6067 Ulsteinvik
Besøksadr.: Kyrkjegt. 8
Telefon: 70 00 96 60
Telefax: 70 00 96 70
Ørsta-kontoret: Besøksadr.: 3. etg, Ørsta Torg
Telefon: 70 00 96 60
Telefax: 70 04 17 00

Ørsta-kontoret:

Redaktør/Dagleg leiar
Hugo Antonsen
hugo@regionavisa.no
Tlf.: 917 38 587

Produksjonsleiar
Gunlaug Kleppe
annonser@regionavisa.no
Tlf.: 982 44 634

Salgssjef
Line Urke
line@regionavisa.no
Tlf.: 911 17 530

Salgskonsulent
Kari H. Berge
kari@regionavisa.no
Tlf.: 934 19 538

Salg og produksjon
Gunn Homberset
gunn@regionavisa.no
Tlf.: 458 65 620

Journalist
Roger Oldeide
roger@regionavisa.no
Tlf: 982 44 635

Produksjon
Aina Iren Årsheim
aina@regionavisa.no
Tlf.: 70 00 96 60

Salgskonsulent
Magne Krumsvik
magne@regionavisa.no
Tlf.: 975 87 269

Kontor og adm.
Hildegunn O. Haugen
hildegunn@regionavisa.no
Tlf.: 982 44 633

Journalist
Monica Iren Moe Masdal
monica@regionavisa.no
Tlf: 982 44 644

www.regionavisa.no - tips@regionavisa.no - annonser@regionavisa.no

© 2009 Nye Regionavisa AS

– Små grep, stor gevinst

TUR: *Albertine (10) , mamma Marit, Åsta (3½) og Eili SynnŒve (11) gjer seg klar til sykkeltur for å mŒte pappa Anders.*

BAKE: *Eili SynnŒve (11) og Åsta (3½) synes det er kjekt å hjelpe mamma Marit Steinnes med baking.*

Familien Steinnes i Ørsta freistar å leve så miljøvenleg som mogleg. Mamma Marit fortel om enkle grep i kvardagen som bevisstgjer heile familien på miljøutfordringane verda står overfor.

Små ting som gjer at familien er med på å dra sin del av lasset for framtida.

– Vi er ikkje fanatikarar. Vi har berre gjort ein del medvitne val når det gjeld korleis vi innordnar oss i kvardagen, slik at vi gjer det vi kan for miljøet. Med små grep kan ein få ein stor miljøgevinst, fortel Marit som også er styremedlem i Fremtiden i Våre hender Ørsta/Volda.

Økologisk

Familien vel miljøvenlege produkt og er medvitne forbrukarar.

– Når det er moglegheiter til det, kjøper eg alltid økologiske matvarer. Eg høyrer mange som seier det er så mykje dyrare enn andre produkt, men her meiner eg vi som konsumentar må prioritere. Vi kjøper utan å nøle dyre matvarer dersom vi likar dei betre, har eit merke vi stolar på, eller ei innpakning som er retta mot born. Kvifor skal det då vere så vanskeleg å velje ei økologisk matvare som berre er prisa ei krone eller to høgre enn andre? Etterspurnad og pris går hand i hand, så eg er viss på at om forbrukarar aukar kjøp av økologiske varer, vil prisane etterkvart gå ned, i tillegg til at tilbodet blir betre. Eg har ikkje heilt oversikta over kor mykje familien vår brukar i månaden på matvarer, men eg trur ikkje vi ligg noko særleg over det som er gjenomsnittet for ein familie på fem, fortel Marit.

Enkle grep

Det var når Marit gjekk gravid med minstejenta Åsta som no er tre og eitt halvt år, at ho fekk seg ein skikkeleg vekkjar når det kjem til miljøspørsmål.

– Eg las ein notis i ei lokalavis om reduksjonen av urøyrde naturområder i Norge, undersøkinga var gjort av Norges Naturvernforbund. Innhaldet ga meg ein liten støkk. Eg byrja å tenkje over eige nærområde til dømes, og hugsa på kor mykje meir urørt natur det var her når eg var lita. Ein kan jo sjå endringane meg eigne auge, og eg trur vi må vakte oss for å sove i timen og verte likgyldige. Eg vil i alle fall gjere min del for miljøet, og freister å finne miljøvenlege alternativ der eg kan, seier ho.

Kjøtlause dagar

For ei tid tilbake innførte familien Steinnes to vegetardagar i veka.

– Vi et kjøt altså, og likar det veldig godt. Men, kjøtproduksjon har store utslepp, så slik ønskjer vi å gjere vår vesle del av å minske desse utsleppa. Per dags dato er det ikkje så veldig stort utval i økologiske kjøtprodukt. Vegetardagane var vel noko av det som skapte mest debatt her i heimen. Det var ikkje det mest populære tiltaket for mannen min, Anders, som er verkeleg glad i kjøt. Men, ein må ofre litt også, ler Marit.

– Ja, og i byrjinga var det veldig mykje ekkelt du serverte mamma, skyt eldstedotter Eili Synnøve på elleve år inn.

– Det var vel kanskje det ja, eg hadde ikkje akkurat erfaring med å lage vegetarmat og prøvde vel ut litt sære oppskrifter. No har vi vel eigentleg justert vegetardagane slik at det ofte blir pannekaker utan bacon til dømes, det er jo ikkje naudsynt å gjere det så komplisert, skrattar Marit og opplyser at Fremtiden i våre hender har planar om å arrangere kurs i vegetarmatlaging etterkvart.

Bilkøyring

Dei miljøvenlege valga til familien har ikkje stor påverknad på det daglege livet deira. Den tingen som borna merkar det best på, er nok restriksjonane på bilkøyring.

– Vi nyttar bil som alle andre vi også, men vi freister å ikkje køyre når det ikkje er naudsynt. Det er nok dette borna merkar mest, dersom det ikkje er altfor stygt ver, og det ikkje er lang eller farleg veg, må dei gå eller sykle. Men, det har dei berre godt av. Vi treng å kome oss ut og bevege oss, fortel ho.

– Eg synes ikkje det er noko ille å måtte gå eller sykle litt eg. Og mamma og pappa går og syklar på jobben kvar dag sjølv dei, fortel Albertine, nest eldste dotter i huset.

Ferie

Familien Steinnes er som alle andre familiar glad i ferieturar. Vanlegvis er dei på segleferie med familien sin seglebåt. Men det blir også høve til sydenturar for familien på fem.

– Anders er veldig glad i å segle, han er forresten ute og seglar akkurat no, det er derfor han ikkje er tilstades no, opplyser Marit.

– Vi nyttar oss som regel av båten når vi reiser på sommarferie, men vi har også reist på vanleg sydenferie. Då valgte vi eit miljøvenleg hotell, det finnast nemleg slike alternativ også, opplyser Marit.

– Det er så lite som skal til for å leve litt meir miljøvenleg, og det er ikkje slik at det treng om å ha særleg innverknad på det daglege livet. Ein må først og fremst syte for å halde seg informert, og med enkle grep kan alle gjere sin del for å hjelpe til med den miljøvernmessige utfordringa vi står ovanfor, oppmodar Marit Steinnes.

TEKST OG FOTO:
MONICA IREN MOE MASDAL

SYNSPRØVE
Off. godkjent optiker
Hugo Farstad
- øye for ditt syn
Tlf. 57 85 15 62 - 6700 Måløy

BYATUR?
BLÅ HUSET
10-19 (16)

ULSTEINVIK
922 41 510

GJERSDAL trapp
Trapp frå lokal leverandør
Vi kan tilby:
- Val av type, materiale og farge
- Spesialtilpassing
- Teikning av forslag
- Oppmåling
- Montering
Ta kontakt for tilbod!
Gjersdal Treindustri AS
tlf. 70 05 91 60/906 24 676
Fax: 71 40 43 06
Prestegata 33 - 6100 Volda
mail: gjersdal@gjersdal.no

Vi har pussa opp!
Kom innom å sjå vår nye butikk
Mange gode tilbod
Langope onsdag til kl 20
Gifte-planar?
Ønskeliste
May-Britt
GÅVER OG INTERIØR
6065 Ulsteinvik – Tlf. 70 01 22 23
Ope: ma.-ons. 10-17, to.-fre. 10-18
laur. 10-16 johnsengj@hotmail.com

VI RYDDER
i alle broderi
torsdag-fredag-laurdag
får du plukke fritt:
÷50%
på ei mengd broderipakkar
Gode julegåvetips!
Ulstein Garn og Broderi
6065 Ulsteinvik
Tlf. 70 01 00 54

Notarvalget 09

Kun for boligselgere på Sunnmøre

[A45] www.A45.no



VALGALTERNATIV 1:

Fastpris på meglerprovisjon
Kr. 29.000,-

VALGALTERNATIV 2:

1/2 pris på vår markedspakke
(Verdi Kr. 12.500,-)

Uansett valg følger Notars unike salgsgaranti med i avtalen:
INTET SALG, INGEN REGNING, INGEN BINDINGSTID.

NOTAR SUNNMØRE

www.notar.no | TELEFON: 714 00000

Vilkår : Salgstilretteleggelse kr. 3.500,-, Oppgjørsgebyr kr. 3.500,-
samt markedsføring eller provisjon kommer i tillegg til valgte alternativ.
Markedsføring kr. 25.000,- Provisjon 2,5% av salgssum.
Minimunsprovisjon kr. 30.000.- Alle priser er inkl. mva.

notar

NOEN AV VÅRE BOLIGER AKKURAT NÅ!

ØRSTA - Flott hytte

Adresse:	Bondalseidet
Prisantydning:	1 490 000,-
Boligtype:	Hytte/Fritidseiendom - fjellet, 3 sov.
BRA/P-ROM:	55/55 kvm
Tomt:	732 kvm
Byggeår:	1995
Visning:	Lørdag 10.10 kl. 13:00-14:00

Tommy Sylte - 982 39 657 notar

MOLTUSTRANDA - Enebolig

Adresse:	Moltustranda
Prisantydning:	990 000,-
Boligtype:	Frittliggende enebolig, 3 sov.
BRA/P-ROM:	106,5/104,5 kvm
Byggeår:	1954
Visning:	Ring for tidspunkt.

André Nakken - 930 99 350 notar

ÅRVIKA - Enebolig med nausttomt

Adresse:	Årvika
Prisantydning:	450 000,-
Boligtype:	Frittliggende enebolig, 4 sov.
BRA/P-ROM:	159/126,5 kvm
Byggeår:	1954
Visning:	Tirsdag 13.10.09 kl 16.30-17.30

André Nakken - 930 99 350 notar

HJØRUNGAVÅG - Tiltalende enebolig

Adresse:	Hjørungavåg
Prisantydning:	2 900 000,-
Boligtype:	Frittliggende enebolig
BRA/P-ROM:	209/179 kvm
Tomt:	984 kvm
Byggeår:	1997
Visning:	Torsdag 08.10.09 kl 16:30-17:30

Torstein Drevik - 916 26 544 notar

ULSTEINVIK - Andelsleiligheit

Adresse:	Ulshaugen Seniorboliger
Prisantydning:	475 000,-
Boligtype:	Andelsleilighet
Areal:	64kvm bruksareal, 1 soverom
Byggeår:	2008 · Tomt: 1 700kvm
Fellesutgifter:	6 360,- pr mnd
Andel fellesgjeld:	1 162 019,-
Totalpris:	1 637 019,-
Visning:	Ring for avtale.

André Nakken mob: 930 99 350 notar

SÆBØ - Enebolig med garasje

Adresse:	Sæbø, 3. etg.
Prisantydning:	1 150 000,-
Boligtype:	Frittliggende enebolig, 4 sov.
BRA/P-ROM:	217/184 kvm
Tomt:	1 545 kvm
Byggeår:	1953
Visning:	Ring for tidspunkt.

Tommy Sylte - 982 39 657 notar

FOSNAVÅG - Sentrumsleilighet

Adresse:	Fosnavåg
Prisantydning:	1 500 000,-
Boligtype:	Eierleilighet, 1 sov.
BRA/P-ROM:	83,5/73,5 kvm
Byggeår:	1955
Visning:	Ring for tidspunkt.

André Nakken - 930 99 350 notar

HJØRUNGAVÅG - Pen tomannsbolig

Adresse:	Hjørungavåg
Prisantydning:	1 700 000,-
Boligtype:	Halvpart vert.delt tomannsbolig
BRA/P-ROM:	137/127 kvm
Tomt:	1 033 kvm
Byggeår:	2004
Visning:	Ring for tidspunkt.

Torstein Drevik - 916 26 544 notar

ULSTEINVIK- Attraktiv enebolig

Osbergvegen 66	
Prisantydning:	1 950 000,-
Boligtype:	Frittliggende enebolig, 3 sov.
BRA/P-ROM:	230/183 kvm
Byggeår:	1968
Visning:	Ring for tidspunkt.

André Nakken - 930 99 350 notar

ULSTEINVIK - Flott leilighet m/utsikt

Anholen 11B	
Prisantydning:	1 750 000,-
Boligtype:	Eierleilighet
BRA/P-ROM:	94/86 kvm
Tomt:	2 384 kvm felles eid
Byggeår:	1997
Visning:	Ring for tidspunkt.

Torstein Drevik - 916 26 544 notar

SYVDE - Sjarmerende enebolig

Adresse:	Syvde
Prisantydning:	650 000,-
Boligtype:	Frittliggende enebolig
BRA/P-ROM:	157/100 kvm
Tomt:	538 kvm
Byggeår:	1928
Visning:	Ring for tidspunkt.

Torstein Drevik - 916 26 544 notar

Ulsteinvik - Strøken leilighet v/sjøen

Adresse:	Sjøgata 56 Lnr 402
Prisantydning:	2 050 000,-
Boligtype:	Eierleilighet
BRA/P-ROM:	P-rom 78 kvm
Tomt:	2594 kvm felles eid tomt
Byggeår:	2007
Fellesutgifter:	1709,- pr. mnd
Visning:	Ring for tidspunkt.

André Nakken - 930 99 350 notar

ULSTEINVIK - leiligheit med carport

Adresse:	Varleitevegen 18
Prisantydning:	1 350 000,-
Boligtype:	Eierleilighet, 2 sov.
BRA/P-ROM:	75/71 kvm
Byggeår:	1992
Visning:	Ring for tidspunkt.

Tommy Sylte - 982 39 657 notar

ULSTEINVIK - Enebolig i mur

Adresse:	Eiksund - bolig 2
Prisantydning:	1 850 000,-
Boligtype:	Rekkehus, 2 sov.
BRA/P-ROM:	86/77 kvm
Byggeår:	2009
Visning:	Ring for tidspunkt.

André Nakken - 930 99 350 notar

ULSTEINVIK - Tomannsbolig

Adresse:	Hovsetråsa 46
Prisantydning:	1 850 000,-
Boligtype:	Halvpart vert.delt tomannsbolig, 2 sov.
BRA/P-ROM:	126/124 kvm
Byggeår:	1991
Visning:	Onsdag 07.10 kl. 16:30-17:30

André Nakken - 930 99 350 notar

ULSTEINVIK - Flott enebolig

Adresse:	Varleitebakkane 18
Prisantydning:	2 350 000,-
Boligtype:	Frittliggende enebolig
BRA/P-ROM:	195/190 kvm
Tomt:	1 004 kvm
Byggeår:	1985
Visning:	Ring for tidspunkt.

Torstein Drevik - 916 26 544 notar

Torstein Drevik
Tlf. 916 26 544

André Nakken
Tlf. 930 99 350

Tommy Sylte
Tlf. 982 39 657

Yvonne Kirkenes
Tlf. 482 88 859

Salgsgaranti notar

Skal du selge bolig?

Vi gir deg salgsgaranti helt uten bindingstid!

notar

Tlf. 71 30 55 00 – www.notar.no

VERDI: Kystflåten sitt bidrag til landets verdiskaping er betydelig.
FOTO: REMI TEISTKLUBB/ FISKEBÅTREDERNES FORBUND

"Å Vestland, Vestland"

ARNFINN INGJERD

Endelig onsdag

Oslo trenger Vestlandet mer enn Vestlandet trenger Oslo.

Professor og bergenser Frank Aarebrot liker å provosere til debatt. Han hevder at det kan bli dannet et nytt politisk parti på Vestlandet som følge av misnøye med myndighetenes sentralisering av penger og makt.

Han har et poeng, men jeg tror det er langt fram til at så skal skje. Til det er det norske demokratiet for velfungerende. Men i dag trenger Oslo Vestlandet mye mer enn Vestlandet trenger Oslo.

Ordføreren i Austevoll er en av de som er mest frustrert over sentraliseringen, og sier litt fleipete: "Vi sender skatteinntekter med trailere til Oslo, og får det tilbake med brevduer." Han sikter til at 70 % av verdiskapningen i Norge skjer på Vestlandet, men bare i overkant av 25 % av verdiene kommer tilbake.

Austevoll har alle forutsetninger for å være en rik kommune. Kommunen har tre store børsnoterte selskaper, landets største fiskeriflåte og de er landets tredje største oppdrettskommune. Men til tross for enorm verdiskapning, er det den desidert mest gjeldstyngede kommunen i Hordaland.

Pengene tilbake

Professor Aarebrot vil ha pengene tilbake fra Oslo. Han mener at norske ordførere må slutte å snakke om at de må få overført mer penger fra Oslo. De må i stedet begynne å snakke om at de skal ha pengene tilbakeført fra Oslo. På Romsdalskonferansen i Molde sist onsdag tok han et oppgjør med en norsk sentraliseringskultur som han langt på vei beskrev som et ran av distrikts-Norge.

Aarebrot viser til etableringen av det skotske nasjonalistpartiet som en parallell til Vestlandet. Han mener også at regioner som er rikere enn hovedstedene ønsker å bli mer selvstendige, og viser til Nord-Italia og spanske Catalonia.

I en undersøkelse i Bergen for noen få år siden sa 6 av 10 at de kunne tenke seg å stemme på et vestlandsparti. Å si noe i en spørreundersøkelse er en ting, men å stemme på et parti er noe annet.

Sentrumsalliansen

Partiet Sentrumsalliansen deltok i stortingsvalget i Hordaland nå for fire uker siden. Deres fremste mål var "å fremme Hordaland og Vestlandets krav til rettferdig fordeling", og videre at de: "inviterer velgerne med på en regional politisk mobilisering for å komme fordelinga av Østlandet til livs."

Ut fra Aarebrots påstander, skulle Sentrumsalliansen bli valgets vinner. Men det fikk bare 241 stemmer.

Jeg tror mange på Vestlandet er like frustrert som ordføreren i Austevoll over sentraliseringen av makt og penger til Oslo-området. Det er likevel få som kan tenke seg å danne et eget Vestlandsparti, og ennå færre som vil bryte ut av nasjonen Norge slik sterke krefter i Nord-Italia, Catalonia og Skottland jobber for.

Det er et etablert et Vestlandsråd for de fire fylkene i vest. De arbeider mot sentraliseringen av makt, men de har ikke ambisjoner om noe mer. Vestlandet er bra representert i både Storting (42 av 169 representanter) og Regjering (4 av 19 statsråder pr 4.10). Med 26 % av Norges befolkning er dette en "korrekt" representasjon.

Kulturelle forskjeller

Men det er kulturelle forskjeller mellom Vestlandet og Østlandet. Da jeg som østlending kom til Sunnmøre for snart 25 år siden, merket jeg at mye var annerledes. Blant annet var likestillingen, individualiseringen og egoismen kommet kortere på denne siden av fjellet. Holdningen til homofili, pietisme og evnen til å skape noe selv, var også ulik. I dag er forskjellene mindre mellom øst og vest, tror jeg. Uten at det behøver å være noe framskritt i alle henseender.

Utviklingen av verftsindustrien forteller noe om forskjellene mellom øst og vest. På verftene langs Oslo-fjorden brukte man tiden på jobben til å snakke om hva man skulle gjøre på fritiden, har det blitt sagt. På veftene på Vestlandet derimot brukte man fritiden til å snakke om hva man skulle gjøre på jobben. Spydige østlendinger ville ha det til at noe måtte man jo finne på i regnværet her borte. Denne historien er neppe 100 % sann, men den sier likevel litt om forskjellene øst og vest. Og verftene her på våre kanter bygger båter fortsatt, mens verft langs Oslo-fjorden er historie.

Ingen ny nasjonalsang

"Å Vestland, Vestland" er et flott patriotisk dikt, skrevet av Tore Ørjaseter for snart 100 år siden. Det kunne blitt en passende nasjonalsang for Vestlandet, men forblir nok kun som et dikt, som er satt melodi til av Sigurd Førsund og som Sissel Kyrkjebø og andre kan synge.

Til glede for alle i hele Norge.

personalia

Fødte
Trulova
Gifte
Bursdag
Takk

Vil du ha med ditt bilete på denne sida?
Dette er gratis hjå oss.
Send inn tekst og bilder til ***aina@regionavisa.no***

Den 29. september fekk Mads (4) og Clara (2) seg ein liten bror. Han vog 3400 gram og var 50 cm. Foreldre er Kristin Bjerkvik og Sindre Håndlykken, Ulsteinvik. Besteforeldre er Ingrid og Sigmund Bjerkvik, Inger og Arnlot Håndlykken.

Den 3. oktober fekk Tomas (6) og Birte (4) seg ein liten bror. Han vog 3890 gram og var 51 cm. Foreldre er Hege Lill Humberset og TorbjŒrn Osdal, Volda. Besteforeldre er Gunnhild og Bjarte Humberset, Leiv Osdal.

Den 4. oktober fekk Ylva og Sturla seg ein liten bror. Han vog 3590 gram og var 50 cm. Foreldre er Jannicke S. BŒe og Mattis B. Myrvoll, Fosnavåg.

Anna kom til verda den 1. oktober. Ho vog 3840 gram og var 51 cm. Foreldre er Aslaug Nerland Halkjelsvik og ±yvind Halkjelsvik, Volda. Besteforeldre er Astrid og Oddmar Nerland, Reidun B. HŒydal og Kolbein Halkjelsvik.

Mariell kom til verda den 28. september. Veslesyster til Marius (1 ½) vog 4540 gram og var 52 cm. Foreldre er Anette Dagfinrud og Audun Moe, SÕbŒ. Besteforeldre er Åshild og Ivar Dagfinrud, Annemor Henjum Moe.

Gifte

Den 25. september kom ein liten keiser til verda som skal heite August. Veslebroren til Johanna (3) vog 2290 gram. Foreldre er Lene og Gaute Homberset, Volda.

±yvind Helland Skuseth frå Ålesund og Sigrid Marie HŒydalsvik.
15.08.09

Vi giftar oss

Fredag 9. oktober kl 13.00 i SŒmna kirke.
Adresse for dagen: Kvitletun i SŒmna.
Hilde Hestås og Harald SkarbŒ

Bruktbilar!

-07 Toyota Yaris 1,0 Sol
5‘ km, ABS, AC, airbag, antiskrens, antispinn, el. speil/vindu, fj.st. sentr.lås, s+v-hjul,
175.000,-

-07 Toyota Yaris 1,3 Sol
23‘ km, ABS, AC, airbag, antiskrens, antispinn, el. speil/vindu, fj.st. sentr.lås, s+v-hjul,
179.000,-

-07 Toyota Auris 2,0 D-4D Navi 40‘ km, 16” alufelger, 5 stk. nakkeputer, ABS, AC, antiskrens-/spinn, cruisektr.
265.000,-

-06 Toyota Avensis 1,6 Terra VVT-1 53‘ km, ABS, ac, el. speil/vindu, fj.st. s.lås, kjørecomp.
199.000,-

-06 Toyota Yaris 1,3 Sol Aut.
26‘ km, 5 stk. nakkeputer, ABS, AC, airbag, aut.gir, antiskrens/-spinn, el. speil/vindu
169.000,-

-05 BMW 1-serie 116
80‘ km, 16” alu.f., 5 stk. nakkeputer, ABS, AC, aribag, delskinn, DTC, el. speil/vindu
179.000,-

-05 Toyota Corolla D-4D Sol
45‘ km, 5. stk. nakkeputer, ABS, AC, airbag, aluf. sommer, antiskrens/-spinn, kjørecomp.
185.000,-

-05 Toyota Corolla Verso Executive Aut. 63‘ km, 18” alu.f., 5. stk. nakkeputer, ABS, AC, airbag,
259.000,-

-04 Toyota Corolla D-4D Sol
72‘ km, ABS, AC, antiskrens, antispinn, kjørecomp., klima, sideairbags, s+v-hjul,
175.000,-

-01 Toyota Avensis 1,6 VVT-1
108‘ km, mørk grønn, ABS, ac, airbag, el. speil/vindu, fj.st. s.lås
109.000,-

-00 BMW 5-serie 523iTouring
140’ km, aut., 16” alu.f., 5 stk. nakkeputer, ABS, AC, airbag, alarm
169.000,-

-99 Ford Mondeo 1,8 Ghia
186‘ km, 5 stk. nakkeputer, ABS, AC, airbag, alu.f. sommer, antispinn, el. speil/vindu
56.000,-

-96 Mercedes-Benz C-klasse C180 Classic 149’ km, 16” alu.f., ABS, airbag, avtagb.h.feste, el. speil/takluke
59.000,-

Sjå alle våre bruktbilar på: http://ulsteinvik.toyota.no

G. Eilertsen as

Frank Hofseth, 6065 Ulsteinvik. Geir Eilertsen, 6060 Hareid • Tlf. 70 01 90 16 - 70 01 90 25 • Fax: 70 01 90 26 - Mobiltlf. 901 45 021 • Jan Arild Bjåstad Tlf. 70 01 90 15 - 957 05 420
Alle priser ekskl. reg.avg. • Garanti • Innbytte • Finansiering
• OPE: kvardagar: 09.00–16.30, Torsdag: 09.00–18.00, Laurdag: 10.00–14.00
http://ulsteinvik.toyota.no

Med forbehald om skrivefeil

frå barnemunn

Regionavisa har tatt seg ein prat med førsteklassingar på Åmås friskule i Ørsta denne gongen, og ville helst ha svar på kva Stortinget er for noko. Borna var litt meir opptekne av at haustferien var rett rundt hjørnet.

TEKST OG FOTO
MONICA IREN MOE MASDAL

"Stortinget er eit monster som kan ete deg opp!

Luke, 6 år

PEDER, 6 ÅR
- Eg skal nok til besta på Ose i haustferien, og spele masse spel. Det er TV-spel altså! Stortinget, hmmm, det veit eg faktisk ikkje heilt kva det er, men det kan ikkje vere nåke kjekt.

CAMILLA, 6 ÅR
- Eg har mest lyst å vere heime og kose meg i ferien eg. Og det derre Stortinget, det veit ikkje eg kva er. Sikkert ikkje noko viktig.

VERONICA, 6 ÅR.
- Eg veit ikkje heilt kva Stortinget er, men det hŒyres ikkje noko kjekt ut. I hausferien skal eg til besta, eg hugsar ikkje kva landet heiter, men det er langt å kŒyre. Forresten, Lillehammer trur eg det heitte.

LUKE, 6 ÅR
- Stortinger er altså eit monster som kan ete deg opp. I haust-ferien skal vi kjŒpe hus trur eg, og så skal eg spele masse spel. Eg har mange spel.

EDVARD, 6 ÅR
- Stortinget er nok skummelt, det hŒyres slik ut. Eg skal heilt til Lillehammer og besŒke ei som heiter Astrid,---- trur eg. Men det beste med ferie er å ikkje gå på skulen!

REMA 1000

bare lave priser

32,90

KYLLINGKJØTTDEIG
Solvinge, 600 g
54,83 pr. kg

42,-

KYLLINGWIENER
Solvinge, 560 g
75,00 pr. kg

25,-

4 STK VALGFRI GRANS 1,5 L
Gjelder 4x1,5 l Grans brus eks. pant, 4,17 pr. l

89,-

TEXAS DRUMSTICKS
Solvinge, 950 g
93,68 pr. kg

75,-

KYLLINGLÅR 2 KG
Frys, Solvinge
37,50 pr. kg

28,80

FERSKE NAKKE-/ SVINEKOTELETTER
Nordfjord, 28,80 pr. kg

16,90

PÆRER CONFERENCE
BaRe, 16,90 pr. kg

9,-

TACO DINNER KIT
Landlord, 270 g
33,33 pr. kg

15,50

MAISKORN 3 PK
Landlord, 3x180 g
28,70 pr. kg

35,-

MINIBAGUETTER FLERKORN
Landlord, 900 g
38,89 pr. kg

30,-

FÅREPØLSE OPPSKÅRET
Nordfjord, 200 g
150,00 pr. kg

27,90

EGG
M18, Solvinge 1,044 kg
26,72 pr. kg

Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane uke 41 - Kun til private husholdninger. Vi tar forbehold om eventuelle trykkfeil og at noen varer kan være utsolgt.

027 003 07 1 04

5 grunner til å ta
laser
nærsynte, langsynte og skjeve hornhinner hos oss:
– Gratis uforpliktende forundersøkelse (utføres kun av øyelege = spesialist i øyesykdommer)
– Alle oppfølginger av våre øyeleger
– Egen vakttlf. 24 t i døgnet
– Gruppe-/familierabatt
– Rentefri nedbetaling
Øyelegene Frode Gaustad og Richard van Volkman
øyelaserklinikken as
Lorkenesgt. 1, Ålesund
www.oyelaserklinikken.no
Tlf: 70 12 71 70

AutoMester
Flere glade bilister
SERVICE
REPARASJON
EU-KONTROLL
Frode's Bilverksted A/S
Tlf. 70 08 22 72 – 6080 Gurskøy
E-mail: frodesbilverksted@automester.no
Rolandsen Bilverksted A/S
Tlf. 70 02 13 20 – 6143 Fiskåbygd
E-mail: gisle@rolandsenbilverksted.no
Bilpartner Vest A/S
Tlf. 916 42 124 – 6777 Stårheim
E-mail: bilpartner@automester.no
Autodoktor'n A/S
Tlf. 990 17 205 – 6230 Sykkylven
E-mail: autodoktoren@automester.no
AutoMester.no Flere glade bilister
Bestill verkstedtime på internett www.automester.no

Klar, ferdig
KØYR!
ULSTEINVIK:
Ulstein og Rotevatn Trafikkskular
Ulsteinvik:
Tlf. 70 01 02 25/ 913 58 734
Volda:
Tlf. 70 07 95 00/ 909 36 505
VOLDA:
Åm Trafikkskule
(Storbilsenteret Furene)
www.aam-trafikkskule.no
Tlf. 70 07 44 30
ØRSTA:
Bondhus Trafikkskule
Avd. Ørsta Tlf. 70 06 82 82
Avd. Fosnavåg Tlf. 70 08 87 42
Moe & Ryste Trafikkskule
Tlf. 70 06 63 93/ 908 24 374
www.regionavisa.no 2009

Heim



Verda er ikkje alltid som ein trur, difor er det viktig å vitje verda for å sjå kva den har å by på. Det gjorde Linn Wingsternes (23), då ho valde Shang Hai som sin studentby.

Her budde Tina Wingsternes i Shang Hai; i 38. etasje!

Tina Wingsternes frå Ulsteinvik vart intervjua av Regionavisa i fjor, før ho reiste til Shang Hai for utveksling i samband med BI i Bergen. No er ho heime og har mange nye erfaringar. Korleis gjekk det eigentleg?

Turen hennar var arrangert av Handelshøgskulen BI. Alle BI-skulane som tilbyr internasjonal marknadsføring, har dette tilbodet.

Store dimensjonar

– Kva var fyrsteinntrykket ditt av Shang Hai?

– Fyrsteinntrykket var at det var ein rik by. Spektakulære bygningar prega bybiletet. Med eit nærare augekast vart fyrsteinntrykket raskt overskugga av mange falleferdige hus og stor fattigdom enkelte stader. Den raske veksten i Kina viste igjen i dette.

– Kva fryda du deg over?

– Miljøet i skuleklassa var heilt supert. Tilhøva i byen er utrulege. Eg kan raskt nemne innandørs skibakke, tusenvis av flotte restaurantar med mat frå heile verda, billige marknader, kontor og avd. frå dei viktigaste bedriftene i verda, milliardavtalar vart signerte og enorme bygningar reiste seg i rekordfart. Alt skjer i store dimensjonar. Ein kontrast frå Ulsteinvik, tør eg påstå.

– Kva var skremmande?

– Bygging og kinesarane sin forkjærleik for rakettar resulterte i store smell om natta. Då det gjekk frå sommar til haust var det eit buldrande uvèr! I to tre veker var det konstante brak og torden som eg aldri har vore vitne til før. Det slo ned lyn i skyskraparen vi budde i også. På det sosiale plan skremmer mentaliteten til den unge kinesar meg. Det er ufatteleg hard konkurranse. Frå borna knapt kan gå blir dei sende på spesialskular for å ligge eit hestehovud framfor sine medstudentar. Alt handlar om å bli best mogleg på skulen. Presset på dei unge er heilt utruleg stort. Etter einbarnspolitikken er det berre eitt barn som skal forsørgje resten av familien etter kvart, og dette resulterer i eit slikt press. Kinesarane på vår alder er svært barnlege sosialt, på grunn av denne overfokuseringa på faktakunnskap. Sjølvmord er ikkje uvanleg på grunn av ærekrenking i samband med det ufattelege presset ungdomen lev under.

Kosta 180.000 kroner

– Kor mykje pengar gjekk med?

– Det kosta 56.400 kroner i skulepengar for eit år på Fudan University i Shanghai gjennom BI. Så kom flybillett til og frå, og begge feriereisene heim på til saman 17.000. Vi fekk 140.000 i lån og stipend som skulle dekke skulepengar i tillegg til alt anna. Eg hadde i tillegg 20.000 oppspart. Så til saman med litt sponsing frå heimen og kjærast, om lag 180.000 kroner.

– Gjekk mykje av dette til shopping?

– Tja, eg tør i grunnen ikkje tenke på kor mykje eg sløste bort. Eg enda opp med mykje som hushjelpa vår fekk då eg drog. Vi sydde oss mange dressar, kjolar, skjorter, osv med skreddar. Det var billig, tenkte vi. Ca 500 for ein dress. Det er jo strengt tatt ikkje billig å shoppe når du er student generelt sett. Vi var litt prega av kultursjokk, så vi var litt ufornuftige her.

Tina er på ei av sine mange shoppingrunder på Emart

Inernational Business

– Korleis gjekk skulearbeidet?

– Svært bra. Til dømes hadde vi 14 innleveringar og framføringar på litt over ein månad. Der var nokre slike tøffe periodar, men sidan eg hadde ei fantastisk arbeidsgruppe var det berre kjekt. Vi er tross alt svært interesserte i det vi studerer, og når ein er seriøs student så er dette berre givande.

– Kva fag likte du best?

– International business var svært lærerikt. Vi fekk ekte case, der vi skulle løyse utfordringane ulike føretak har når dei skal inn på marknaden i Kina. Vi skreiv til dømes for VOSS water om korleis dei gjekk inn i Kina, deira strategi og eventuelle feil dei gjorde, etter eit intervju vi skaffa oss med gründeren av VOSS og regionsjefen for Asia.

– Det beste med studieopplegget var bacheloroppgåva som vi skreiv for ei norsk bedrift med avdeling i Shanghai. Her gjorde vi ei marknadsundersøking for bedrifta sin business-idè og intervjua då 15 businessmenn, lærarar og diverse ekspertar innan ulike områder som hadde både kinesisk og norsk nasjonalitet. Vi gjorde analyser av marknaden, og utarbeida ein strategi som dei kunne fylgje om dei valde å starte denne avdelinga. Vi fekk positiv tilbakemelding frå oppdragsgjevar og dette gav oss ei forståing av Kina, marknadsføring og business som eg ikkje trur eg hadde fått hadde eg gått siste året i Norge.

Ingen hjelpte den skadde

– Kva lærte du om deg sjølv?

– Eg skal ikkje dømme folk på grunn av fyrsteinntrykket. Eg lærte meir om samarbeid med ulike folk. Samarbeid er heilt klart ein viktig eigenskap som ein aldri blir utlærd i.

– Kva sit att som det sterkaste inntrykket?

– Off, det var grusomt. Ein mann vart overkøyrd og låg blodig på gata under ein bil i tydeleg sterke smerter, men ingen hjelpte den skadde! Dette fann vi ut var fordi om nokon hjelpte han, vart det dei som måtte betale for ambulanse til sjukehus og for operasjon i samband med ulukka. Tenk at eit menneskeliv ikkje betyr meir for dei! Og tenk kor heldige vi er i Norge i samanlikning med dette.

– Kva tankar gjer du deg etter ei slik erfaring?

– Vi i Norge veit verkeleg ikkje kor heldige vi er. Vi er mykje meir egoistiske og lever stort sett i vår eiga boble. Kinesarane er altruistiske i høve til familien. Dei tenkjer ikkje to gongar på å sende pengar til familien sin dersom dei treng det meir enn dei sjølv. Familien har størst verdi, og det vil eg ta med meg vidare. Dei hjelper kvarandre ubetinga. Eg snakkar om det generelle her. Det finst sjølvsagt unntak både i Norge og i Kina.

Vil sjå meir kultur

– Kva gjer du vidare?

– Finansfag og logistikk som deltidsfag er det eg tek no. Eg vil ta master i International business i København, USA, England, Australia, eller Hong Kong neste år. Før det skal eg reise i tre månader saman med sambuar- og kjærasten min. Vi skal sjå meir kultur, fordi det gav meirsmak. Det blir ikkje nokon chartertur nei. Etter dette vil eg jobbe med internasjonale avtalar, prosjekt, o.l i ei norsk bedrift, og mot land som er handelspartnarar og/eller er produksjonsland for norsk næring. Eg vil også jobbe med å utføre marknadsanalysar for norske bedrifter som vil inn på nye marknadar og utforme inngangsstrategi samt marknadsplan for dei nye marknadane.

– Kva har forma deg til den du er i dag?

– Eg fekk tidleg beskjed frå foreldra mine om at eg sjølvsagt skulle ta utdanning. Faren min har reist mykje i samband med sin jobb, noko som har trigga mi eiga interesse for utlandet. Systera mi, Linn, driv Kaffebaren i Ulsteinvik, og ho er ei inspirasjonskjelde for meg. Det pågangsmotet ho syner vil eg òg strekke meg etter.

– Kva vil du seie til lesarane?

– Folk må ta sjansar her i livet for å oppleve store ting. Det er berre å gjere det no før ein får born. Om ein har born kan ein prøve å få det til likevel eller litt seinare. Kva vil ein sjå tilbake på når ein er gammal? Med så bra støtte ein får frå Lånekassen i dag er det berre å hive seg i det. Studielånet kan ein tenkje på seinare.

TEKST OG FOTO:
KAROLINE STOKSETH

frå Kina

Ein prikk av bybiletet i Shang Hai. Skyskraparar så langt augo kan sjå.

Siste skuledag i Kina, studentane jublar.

Litt norsk 1-2-3 mat måtte sendast i posten frå Norge til Kina.

Gruppearbeidet fungerer for denne gjengen. Glade og nŒgde etter eit business-mŒte .Tina lengst til venstre.

BI-gjengen samla for tennis-turnering.

ALLE HØGTRYKKS-SPYLARAR
til og med 140 bar:
÷700,-
Nilfisk ALTO
Why Compromise
EIK SENTERET
Vi er der når du treng oss
Anders Hovdengate 16 6150 ØRSTA
Tlf. 70 04 85 50

Den ekte
Vigramøren
fåes på:
Rema 1000 Volda
se: ***www.vigramor.no***

MÅNADENS PROFF
Nilfisk ALTO
Why Compromise
EITT HAKK PROFFARE
Art.nr. 905 8821 010
NILFISK ALTO STØVSUGAR
MAXXI WD 7-4 DUO
Kampanjepris:
NO: 3,738,-
kr 2.990,- eks. mva.
2-motors stor støv-/våtsugar
FØR: 4.399,-
kr 3519,- eks. mva.
TILBODSPERIODE
FRÅ 05.10. T.O.M. 31.10.09
EIK SENTERET
Vi er der når du treng oss
Anders Hovdengate 16 6150 ØRSTA
Tlf. 70 04 85 50
www.eiksenteret.com

KOR det går?

Han både syng og dirigerar kor, og no skal han forske på kor.
– Kor dèt går, Øyvind Eiksund?

– Det er ein flott og sterk korkultur her på Sunnmøre og kor betyr mykje for mange. Sjølv har eg ei stor interesse for kor og synes nettopp kor- og kormiljø er eit interessant forskningemne, seier stipendiat ved Høgskulen i Volda, Øyvind Eiksund (30).

– Kva vil du finne ut av?

– Eg vil finne samanhengar mellom individ, kormiljø og lokalsamfunn. Korleis koret påvirkar individet og lokalmiljøet og kva det betyr å ha eit kor i lokalmiljøet, forklarar han.

Musikalsk anlagt

– Ein skal vel ha ein viss interesse for kor for å forske på dette?

– Ja, men det kan eg nok seie at eg har, seier Øyvind som er heilt i startgropa av forskningsprosjektet. Han kjem frå ein stor korglad familie med heile elleve søsken og det var mykje song i heimen hans når han vaks opp. Han er frå ei songarslekt og er i slekt med den kjente dirigenten og kurshaldaren Svein Eiksund som er æresmedlem i Norges Korforbund.

– Eg har vel alltid vore i eit kormiljø, både som korist og dirigent, fortel Øyvind som stipendiat også underviser i song og fiolin i musikkseksjonen på høgskulen. Han har også vært med å etablere kor både i Bergen og Trondheim. Sjølv syng han i koret SKRUK.(Sunnmøre kristelige ungdomskor) og er dirigent for Ørstakoret.

Metodisk

– Du er dedikert?

– Ja, vitenskapeleg sett er det bra å vere dedikert til det ein skal forske på, men eg skal vere objektiv til dei enkelte kora og er opptatt av å ikkje påvirke miljøet eg skal forske på, seier han.

– Korleis vil du gå fram?

– Eg vil gå varsomt og metodisk fram. Eg vil vere med på øvingar, observere, snakke med folk og gjere intervju. Eg må vite kva eg vil ha svar på, men eg kan ikkje planlegge for mykje. Eg vil også sjå på dekninga kor får igjennom media, sjå på årsmeldingar og referat frå møter, fortel Øyvind som skal følge nokre kor i tida framover.

– Eg vil ta utgangspunkt i forskjellige kor som representerer forskjellige ting. Til dømes tradisjonsrike kor, nyare kor, sentrumskor og gjerne kor på mindre plassar. Eg vil også forsøke å få fram motivasjonsfaktorane for dei koret består av, det sosiale ved å vere i eit kor og kartlegge ambisjonsnivået i dei aktuelle kora, fortel han.

– Eg skal ikkje ha ein historisk innfallsvinkel, men eg er opptatt av at dei som er med i eit kor står i ein tradisjon, forklarar han.

Blir bok

– Det er sjølvsagt viktig for meg at folk fortel meg ting, at dei er opne og ærlige. Ambisjonen er å føre denne korkulturen inn i eit akademisk miljø. Det skal bli interessant, seier Øyvind som skal skrive bok av avhandlinga frå forskningsprosjektet.

– Om alt går etter planen vil eg kunne ha ei bok klar innan fire til fem år, eg trur den kan bli interessant og nyttig og kan tale utover Sunnmøre, seier han.

– Du kjenner jo allereie kormiljøet veldig godt og skal nytte tre til fire år på dette. Trur du at du vil kome over nokre oppsiktsvekkande resultat i denne forskinga?

– Eg trur det finnest mange som har stor innsikt i kormiljøet. Eg tvilar på at eg vil finne enkeltfunn som vil overraske desse. Men det eg ynskjer å få til er å samle ein del trådar som tek føre seg samanhenger mellom individ, kormiljø og lokalsamfunn. Eg trur desse samanhengane er sterkare og meir særskilde enn mange er klar over. Ved å fokusere på dette trur eg avhandlinga kan vere med å gi eit nytt perspektiv på den store koraktiviteten her på søre Sunnmøre, forklarar han

Fokus på song

– Slit ikkje mange kor med rekruttering?

– Det stemmer nok for mange, men det er ikkje noko nytt. Mange kan nok oppleve, eller ha eit inntrykk av at det var betre før med større rekruttering til dei respektive kora, slik var det nødvendigvis ikkje. Dei fleste kor har høg gjennomsnittsalder, men dei har også rutine og held eit musikalsk høgt nivå. Men eg har tru på at dette med rekruttering kan snu, fortel Øyvind som meinar det fokuset som har vore på song dei siste åra kan løfte rekrutteringa til kormiljøet.

– Ei rekkje tv-program, som til dømes ”Det store korslaget” og idol har satt eit fokus på song og underhaldningsverdien i det. Eg har eit inntrykk av at fleire og fleire tør å vere med å synge, spesielt gutar. Eg trur terskelen er blitt lågare for å vere med i eit kor dei siste åra, seier forskaren, koristen og dirigenten.

– Menneskestemma er vakker og den vil aldri gå ut på dato. Som dirigent er det tilfredstillande å få fram alle stemmene i eit kor, det er jo eit lagspel, akkurat som i fotball. Det fungerer best når alle presterar, seier han.

TEKST OG FOTO:
ROGER OLDEIDE

INSIDER: *Han skal verken dirigere eller synge, men forske. – Eg skal ikkje på nokon måte påvirke forskningsobjekta, seier stipendiat ved HŒgskulen i Volda, ±yvind Eiksund.*

ENGASJERT: *±yvind har mykje med kor å gjere. Mellom anna dirigerer han ±rstakoret. (Foto: Kjetil ±ye)*

Festfin

FOSNAVÅG
Frisørloftet
70 08 88 27

HAUGSBYGDA
Curly Frisørsalong v/Laila og Sølvi
70 02 50 62/996 28 023

LARSNES
Sande Frisørsalong
70 02 83 40

ULSTEINVIK
Carisma dame- & herrefrisør
70 01 38 00

Föhnix Dame & Herrefrisør
70 01 14 10

Gullsaksen
Dame-/herrefrisør & Brud
71 70 66 45

Hårstova
70 01 21 40

Lill Marte´s Frisørsalong
70 01 09 14

Tijera
70 01 01 87

VOLDA
I Saksa
70 05 60 40

ØRSTA
Ørsta Hårdesign
70 06 61 75

Spør oss om råd - Velkommen innom!

norhus
CONTINENTAL
(hus som blir lagt merke til)

Villa Welhaven

Villa Falsen

Våre villaer i Continental-serien er noe helt for seg selv. Vi tilbyr fortidens storhet i moderne byggekunst, med nåtidens bekvemmeligheter. Våre fasjonable villaer er boligen for dagens storfamilier, for oss som elsker å holde selskaper og som liker å bo i hus som blir lagt merke til. Bestill katalog:

www.norhusnorge.no

Tema Vest AS Ørsta
Tlf 70 06 50 00
orsta@norhusnorge.no

NT Bygg AS
Tlf 70 01 17 60
ulsteinvik@norhusnorge.no

norhus
forvent det beste

NORGESPREMIERE: *Gruppa Nightingales har norgespremiere under Hareidsstemna, søndag 18. oktober i Hareidhallen.*

FESTTALAR: *Årets talar under Stemnefesten i Hareidhallen er Karita Bekkemellem.*

”Frø”

– Temaet for Hareidsstemna i år er ”Frø” i den vidaste tydinga av ordet. Hareidsstemna sin visjon er å vere ein arena for unge talent, og vere eit springbrett for desse, fortel stemneleiar Kari Janne Ringstad.

Hareidsstemna 2009 blir arrangerte i dagane 10. til 18. oktober, og Ringstad gler seg til innhaldsrike dagar med blant anna ei norgespremiere på programmet.

– Til dømes hadde vi Nordic Tenors her, og no er dei verkeleg vorte kjende i regionen og ellers. I år har gruppa Nightingales norgespremiere her på Hareid, og eg vonar at vi kan vere med på å gjere desse flotte artistane kjende, seier Ringstad.

Nightingales

Nightingales består av fire kvinner som kvar for seg har gjort seg bemerka som artistar. Heidi Ruud Ellingsen vann blant anna ”Drømmerollen” på NRK i 2007, der premien var rolla som Kathy i musikalen Singin’ in the Rain. Christine Guldbrandsen kjenner nok dei fleste igjen som deltakar i Melodi Grand Prix med songen ”Alvedans”. Karianne Kjærnes er nok den av jentene som har halde seg mest i bakgrunnen, men dette endrar seg sikkert med Nightingales. Kjærnes var blant anna med til Moskva og kora for Alexander Rybak då han vann den internasjonale finalen i Grand Prix. Helene Bøksle er også med i firkløveret, og ho har blant anna sunge under utdelinga av Nobels fredspris som 13-åring. Bøksle sin musikalske stil er ei blanding av pop og folkemusikk.

– Nightingales har med seg eit seksmannsorkester til Hareid, og dei vil nok syngje litt åleine, og litt saman med orkester. Musikalsk opererar Nightingales i krysningspunktet mellom folk-, pop- og eit symfonisk uttrykk, frå det nære og lavmælte til det storslagne lydbiletet, fortel stemneleiaren.

Festtalar

Det er mange kvinner på programmet til Hareidsstemna i år, og ikkje minst er årets talar under Stemnefesten ei kvinne, Karita Bekkemellem.

– Karita Bekkemellem sa ja med ein einaste gong vi spurte ho om å halde tale, og ga uttrykk for at ho gledde seg til å kome til Hareid. Eg gler med til å høyre kva ho har på hjartet, kanskje fortel ho litt frå boka si? Bekkemellem står veldig fritt til å snakke om det ho ønskjer, men ho er klar over den raude tråden vi freistar å halde under stemna, fortel Ringstad.

Ellers er det mykje anna som skjer på Hareid denne drøye veka, blant anna blir det konsert med Strings Unlimited, Hjørungavåg Brass og Gollj og Gråstein. Eigen stemneutstillar av kunst, Håvard Vikhagen og tryllekonsert for dei små er blant dei mange arrangementa.

TEKST:
MONICA IREN MOE MASDAL

STEMNELEIAR: *Kari Janne Ringstad gler seg til innhaldsrike dagar under Hareidsstemna.*

Vikhagen årets stemneutstillar

For første gong stiller kunstnar Håvard Vikhagen ut litografi der han nyttar fleire teknikkar på eitt og same bilete. Det skjer i kommunestyresalen på Hareid Rådhus under Hareidsstemna som opnar 10. oktober.

Hareid Kunstlag har hatt Vikhagen på ønskelista si i lang tid, og er svært glad for at han no har funne tid til å stille ut her. Det var her han debuterte, under ei kollektivutstilling i 1980, året før han var ferdig med kunstnarutdanning si.

Bileta til Vikhagen er ofte poetiske landskap med tilknyting til Vestlandet. Slik er det også med denne utstillinga, men her er motivet meir konkret. Det viser Vartdalsfjella og Masdalsklova i ulike kulørar. I tillegg vil her bli vist eitt stort oljemåleri.

– Eg er jo fødd i Hjørungavåg og fekk lyst til å prøve meg på nokre motiv herfrå, forklarer han.

Måleri av Håvard Vikhagen.

Litografia er laga i ein heilt spesiell teknikk, pulverlavering, og truleg er han den einaste i landet som nyttar denne framgangsmåten. Deretter blir dei fleste handkolorerte, noko som gir kvart bilete eit særpreg.

Utstillinga er open frå 10. til 18. oktober.

Gla' konsert med Hjørungavåg Brass

Hjørungavåg Brass har si største satsing nokon gong med Gla'- konsert i Hareidhallen den 11. oktober, første søndag under Hareidsstemna.

Det blir Gla' konsert med Hjørungavåg Brass søndag 11. oktober i Hareidhallen.

Korpset har i tillegg til eigne solistar fått med seg aktørar som er kjende både lokalt og nasjonalt. Når då også Five Beats er med som medspelar storparten av konserten, meiner korpset å kunne by på ei god oppleving for eit breidt publikum. Ørjan Liavåg er programleiar og skal lose publikum gjennom konserten med mykje skjemt, og med eigne innslag.

Stine Nilsen frå Valle har etterkvart opparbeidd seg rykte som dyktig countryvokalist. Ho blei kjend for alle gjennom Tore Strømøy sitt program på NRK, Lyden av lørdag. Oddlaug Grimstad Arnesen er den andre kvinnelige solisten på konserten. Ho er etter eige utsagn "ekte Grimsting", med sterke røter på Hareid. Vi høyrde henne sist i 60'-tals konserten på Sjøborg der ho hadde ei glitrande framføring av Aquarius frå musikalen Hair.

Ronald Øvrelid er godt kjend for det lokale publikum. Han har gjennom mange år gledd publikum med song- og gitarspel. Hareid har fleire linedance-grupper i sving og Brassen har sytt for å få liv på scena med å leige inn nokre av dei beste dansarane.

Nordic Tenors sin julekonsert er svÕrt populÕr, og det er lagt opp til ekstrakonsertar i både ±rsta og Sandane.

Ekstrakonsert med Nordic Tenors

Laurdag 12. desember blir det to konsertar med Nordic Tenors i Ørsta kulturhus.

